



ORKDAL VIDAREGÅANDE SKOLE
FOLLO, 7300 ORKANGER
www.orkdal.vgs.no
Tlf. 72 47 10 00 - Telefaks 72 47 10 01



E-postadr.: Postmottak.Orkdal@stfk.no

Notat om fordeler ved samlokalisering av ungdomstrinn og vidaregåande skole i Orkdal.

Innleiing

Orkdal kommune har jobba med moglege samarbeidsformer med Sør-Trøndelag fylkeskommune det siste året, utan at ein har kome fram til klare og eintydige konklusjonar. Eit av forslaga som låg på bordet var ei samlokalisering av ny ungdomsskole og ein renoverert Orkdal vidaregåande skole.

Naturleg nok er ein slik tanke nokså revolusjonerande når OVGS og kommunen har levd kvart sitt liv i så mange år. Ein slik tanke krev mogningstid hos alle involverte, før ein kan heve seg litt over det daglege og sjå på kva som eigentleg er gevinsten?

Planleggjingsprosessen er no i gang, men det er ikkje for seint med nye innspel i prosjektet frå kommunen.

Bakgrunn

I Kunnskapsløftet er det presisert at ein skal sjå den obligatoriske skolegangen som eit 13/12-årig løp. Det skal vere ein samanheng med gjennomgåande læreplanar i sentrale fag.

I dagens system er det ofte for lite samkjøring mellom dei forskjellige stega i skolen, noe som på vidaregåande ofte fører til fråfall. Dette er ei belastning både for den enkelte og for samfunnet.

Det har i mange studiar vore peika på kor viktig overgangen mellom usk og vgs er, og at eit tett samarbeid er absolutt nødvendig for å få til dette.

På bakgrunn av dette vil skolen peike på ein del fordelar med ei samlokalisering:

1. Læringstrykk

Med eit tettare faglegpedagogisk samarbeid der fokuset på læring er i høgsetet, vil ein kunne få eit meir koordinert og samla læringstrykk på usk og vidaregåande. Overgangane blir lettare, og trua på det å lære kan bli større.

2. Tilbod om fag ved vgs

I Kunnskapsløftet er det fleire stader peika på at nokre elevar i ungdomsskolen bør få tilbod om å ta fag i den vidaregåande skolen. Med samlokalisering vil det kunne bli enklare å organisere dette praktisk.

3. Personalet

Vi veit i dag at det kjem relativt store endringar i kravet til kompetanse på ungdomssteget, og dette kjem samstundes med at dei store kulla med lærarar går av med AFP/alderstrygd. Dette tilseier at vi vil få eit stort rekrutteringsbehov av personar med solid fagleg bakgrunn (Eks. 5-årig masterutdanning). Konkurransen mellom skolane kjem til å bli hard, og vi kjem til å måtte lage 100%-stillingar. Dette veit vi kan vere eit problem å få til dersom skolane ikkje er store nok, og du lyser ut etter lærar med eks. matematikk og fysikk. Med to skolar tett samla vil dette kunne løysast på ein god måte slik at begge skolane, og ikkje minst elevane, tener på dette. Ser ein



ORKDAL VIDAREGÅANDE SKOLE
FOLLO, 7300 ORKANGER
www.orkdal.vgs.no
Tlf. 72 47 10 00 - Telefaks 72 47 10 01



E-postadr.: Postmottak.Orkdal@stfk.no

dette over noe tid, vil ein kunne hevde at vi vil kunne få ei kvalitetsheving på begge stader.

Det vil bli sett større og større krav til systematisk kompetanseutvikling i skolen. Slår vi saman ein del av ressursane på to skolar vil vi dette kunne realiserast, noe som ikkje nødvendigvis er tilfelle med mindre ressursar.

I eit kollegium som er så stort som desse to skolane til saman, vil ein få eit større potensiale for utvikling av kurs m.v. i regi av ORME ressurs og fagskole enn i dag. Saman med ei vidareføring av samarbeidet med Meldal vgs vil dette vil på sikt gjere næringslivet i dalføret endå meir robust til å møte endringar enn det er i dag.

4. Pedagogikk

Grunnskolen og vgs har hatt litt forskjellig skoleutvikling dei siste 30 åra.

Grunnskolen har i mange tilfelle vore for kjapp til å hive seg på trendar i det pedagogiske villniset, medan vgs har vore heller "sidrumpa". Ein kan vel seie at begge deler kan vere for mye av det gode.

Ved å auke samarbeidet mellom skoleslaga, vil ein kunne dra nytte av det beste i både miljø. Ein vil på det viset kunne trekkje opp langsiktige pedagogiske liner som viser retninga vi går i, utan at vi treng å slite med kengurupedagogikk(hoppe frå guru til guru), eller stå på "stedet hvil".

Eit anna viktig pedagogisk argument for å oppnå eit samanhangande 12/13- årig løp, er å sikre overgangen mellom grunnskole og vidaregåande skole. Ei samlokalisering vil på alle måtar sikre at ein slik overgang vil bli til beste for elevane, der eit kjent skolemiljø vil gje den nødvendige tryggleiken som er viktig for ein god start, og då spesielt for dei svakaste elevane.

Dei elevane med størst tilretteleggjingsbehov er kanskje dei som har mest å hente ved ei samlokalisering. Samlokaliseringa vil gjere at ein får til god informasjonsflyt som vil hjelpe desse elevane til å få eit så godt tilbod som mogleg.

5. Miljø

Ved å plassere usk og vgs ved sida av kvarandre, sentralt i høve til både lokal veg og E39, vil ei samordning av skysstilbodet gi gode miljøvinstar.

Dessutan vil ei slik plassering gje elevar i dei mest sentrale delane av Orkdal gang og sykkelavstand til skolane. Dersom ein plasserer skolen andre stader vil dette auke skyssbehovet betrakteleg, og det blir stadig peika på at god arealplanleggjing er eit av dei viktigaste tiltaka for å oppnå låge klimagassutslepp frå transportsektoren i framtida.

Skolane vil også kunne ha felles energileveranse frå fjernvarmeanlegget, noe som vil kunne vere med på å finansiere ei vidare opprusting/utbyggjing av fjernvarmeanlegget i retning Fannrem. Det vil vere miljøvenleg og framtidsretta.

Alternativt kan ein kanskje sjå for seg ein kunstfrosen skøytebane som leverer energi til dei to skolane, i form av ein nedgradert versjon av isprosjektet.

Ein kunstfrosen skøytebane vil vera eit særst godt tilskot til kroppssøvinga, både for usk og vgs, og i tillegg for resten av befolkninga i regionen.

Fotballbanen skal likevel bli flytta, og då kan ein samtidig gjera grunnarbeidet for



ORKDAL VIDAREGÅANDE SKOLE
FOLLO, 7300 ORKANGER
www.orkdal.vgs.no
Tlf. 72 47 10 00 - Telefaks 72 47 10 01



E-postadr.: Postmottak.Orkdal@stfk.no

skøytebanen, slik at det blir fotball på sommarhalvåret og isbane på vinterhalvåret.

6. Økonomi

Når ein samlokaliserer to skolar, vil behovet for spesialrom bli mindre. Årsaka til dette er at vi kan utnytte kapasiteten på eksisterande rom, og vurdere totalkapasiteten ved nybygg.

Her kan vi sjå for oss kroppsøvingsareal, laboratorium, og ikkje minst store auditorier, musikkrom, bibliotek, kantine, og eventuelt verkstad. Ein kan også tenkje seg at når det er eit kull som er stort på ungdomssteget, vil vgs kunne avlaste usk ved at dei kan få ta i bruk ev. ledig romkapasitet deler av uka. Fleksibiliteten blir større, og begge skoleslaga kan takle større endringar i elevtal utan at dette gir grunnlag for auka investering.

Ein bør også spesielt nemne sambruk av areal mellom musikklinja på Follo og Kulturskolen Orkdal.

Vi kan også tenkje oss felles driftsavdeling slik at vi får breiare fagleg kompetanse utan at den totale lønsramma blir større. Skolane får med andre ord meir for mindre. Støttetenestene til skolane kan sjåast i samanheng, og vi kan få betre helsetilbod, meir synleg PP-teneste, og eventuelt samlokalisere tannhelsetenesta.

Konklusjon

Etter vårt syn vil føremonene med ei slik samlokalisering langt overstige eventuelle negative moment. Sjølv har vi til gode å finne store negative trekk ved ei slik løysing. Med det seier vi ikkje at dette er enkelt, men ved å arbeide systematisk med dette over tid er vi overtydd om at den totale samfunnsmessige og pedagogiske vinsten er langt større enn dei problema vi ev. skulle støyte på undervegs i prosessen.

Skolen meiner det er nødvendig for eit så livskraftig lokalsamfunn som Orkdal å ha eit levande, aktivt og fagleg fundert skolesentrum som ivaretek elevane si faglege og sosial utvikling på ein god måte fram mot 2040.